Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: S. Tr.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hemne

Emne: Julenissen

Bygdelag: Listranda

Oppskr. av: Anne Tødal

Gard: Kuldtrø

(adresse): Kyrksæterøra

G.nr. 111 Br.nr. 7 - 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ikkje så svært lenge det har vore drive med julenisse her i Hemne. Rundt 40 år gjennom. Akkurat kvar han først synte seg tør eg ikkje seia for visst. Heller ikkje om han først synte seg på ein fest eller i ein heim. Først vart han nok kjend gjennom julekort og julehefte. "Eg går" ut frå at han først kom "i bruk" i ein eller annan heim.

2. Jau, han plar ha med seg gåvor i posen sin, helst da til borna. Til takk kan han få litt mat – eller øl – om han har tid til å hefta så pass.

3. I heimane er det helst ein vaksen som går julenisse. Det er gjerne gildast med ein stor svær kar med grovt vaksemål. Men på barnefestar har det og ofte vore to barn – mann og kone – som agerte.

4. Det kan ymsa, etter som det høver. Til å byrja med kunne det vera nokså primitivt. Heimelaga maske, kola og

5247

2

med skjegg av skoglav. (strý). På hovudet ein stor hatt eller helst ei raud toppluve. Helst knebukse og kvite sokkar med raude hoseband. Og har han ikkje for lang veg, så går han helst i tresko. Kan og ha finnsko, vaggar eller labbar. Og utanpå gjerne ein stor frakke. Kanskje og ein gild stav.

5. I seinare tid er det så rikeleg utval av masker hos handelsmannen, så no får ein helst der.

6. Er ikkje kjent her å gå julebukk.

7.

8. Nei det har eg ikkje høyrt fortelje om.

9. Nei, ikkje nokon ting. Men det kunne vel henda at mor eller far kunne seia slik til borna om jula. Kanskje. Men ikkje så at det har vore nokon vanleg skikk.

Dette med julnisse er slett ikkje så sers vanleg. Ikkje i alle grender, og slett ikkje i alle heimar. Berre no og da på somme gardar. Og det kan da henda at nissen kjem sjølv tek ein sving til grannane, i alle fall der det er born. På Kyrkseterøra, der folk bur tettast, kan dette helst henda.

På julefestar er det heller ikkje vanleg med nisse. Men på dei fleste barnefestane er det gjerne nissar som deler ut gåver til borna. Ofte er det da to born som står for dette, utkledde som mann og kone.

5247

Hemne '21./1937 Arne Tørdal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING